

## **Rasjonaliseringsprosess 1-4 / How to make sense**

Kritikk av utstillinga «SETT ALLE REDE» av Arvid Pettersen og Gabriel Johann Kvendseth på Kabuso 16.06.-08.09.19

Ofte refererer eg til gallerirom som reduksjonistiske grotter. Gabriel Johann Kvendseth og Arvid Pettersen si utstilling på Kabuso, er noko anna. Kanskje meir som eit akvarium...

Det låg ingen bokstavar mellom sandkorna på stranda. Ingen ord som kunne fange dette. Det var ingen spor etter våpen i sanden. Ingen spor etter ritualer langs veggen. Ein kunne ha skåret djupe sår i stillheita. Saga skuggane i to. Vinden kunne ha blåst gjennom lerreta. Gjennom malinga. Me kunne ha sittet rundt leirbålet. Eg veit ikkje om eg skulle vera ute eller inne. Eller om kunsten skulle ha vore ute og fuglane inne. Eg trur ikkje eigentleg at tittelen på utstillinga var laga for fuglane, men det blei slik.

### **Rasjonaliseringsprosess nr.1 Kategorisering og tverrsnitt**

Ofte refererer eg til gallerirom som reduksjonistiske grotter. Fordi dei har ein ting til felles med laboratoriet: at ein tek fenomen ut av sine habitat/økosystem/kontekstar og plasserer dei i «nøytrale rom» i forsøk på å sjå ting betre. Eller forstå ting betre. Eller redusere dei til noko forståeleg, sidan verda i seg sjølv ikkje eksisterer som separate punkt. Kabuso er ikkje ein totalt reduksjonistisk boks. Gallerirommet her er meir som eit akvarium. Eit akvarie har ofte reflekterande glas, slik at ein frå innsida, berre ser seg sjølv og sitt univers. Spegelvendt. Verkelegheita vrent. Ikkje alle fiskar kan sjå ut. Og uansett kva perspektiv ein går inn i, kan ein kanskje aldri sjå det frå anna enn sitt eige forståingsapperat. På Kabuso kan ein sitje på muren ved vinduge og sjå både innover og utover. Om ein kategoriserer og deler opp verda, kan ein sei at utstillinga bestod av fem lag.

- 1.Landskapsmåleria til Arvid Pettersen på veggen.
- 2.Gabriel Johann Kvendseth sine rituelle våpen og andre objekt i rommet.
- 3.Vindauga som er glaset imellom.
- 4.Verda utanfor med måkane og menneska og lufta med sjøen bak.
- 5.Fjella bak sjøen som ser flatare ut enn måleria på veggen inne.

Og ein kan kanskje kutte desse fragmenta opp i smalare skiver, på same vis som ein kuttar hjernen i flate skiver og ser på dei ulike laga. Men eg skal ikkje dissekere verkelegheita. Berre stikke eit lite hol i den og sjå kva som tytt ut.

### **Rasjonaliseringsprosess nr.2 Tenkje inni ein boks**

Eg hadde lenge prøvd å forstå kva det betyr å tenkje inni boksen. For å forstå det, starta eg med å lokalisere boksane. Så langt hadde eg funnet to boksar ein kan tenkje inni. Gallerirommet og laboratoriet. Når ein tenkjer inni ein boks, har ein ein ganske innsnevra horisont, og eit ganske lite fragment å konkludere utfrå. I tillegg har ein jo ofte sjølv anten valgt innhaldet i boksen, eller valgt å gå inn i boksen. Det betyr at noko er førehandsdefinert. Om det er lagt lokk på boksen, kan det vera vanskeleg å få sett ordentleg på det ein har framfor seg. Ein må sjølv eventuelt trekkje linjene til verda utanfor, og knyte fenomenet saman med verkelegheita, om det skal kunne vera meiningberande i ein større kontekst. Reduksjonistiske grotter, eller boksar, framviser altså ei form for introvert og menneskesentrert lesing. Innhaldet sirkulerer innover. Og ein kan kanskje ikkje sei at tanke-boksane er heilt vellykka, om ein ikkje ser meir enn det eine som ligg framfor ein.

Eg har ofte tenkt at gallerirommet på Kabuso må vera vanskeleg å jobbe med sidan verkelegheita er så påtrengjande at det blir påfallande og underleg feil, om ein ikkje går inn i

ei form for dialog. I tillegg er arkitekturen veldig tilstadeverande inni rommet, som noko anna som vil gripe inn i innhaldet uansett. Somme rom er meir fysisk framtrudande enn andre. Og difor er Kabuso ikkje ein reduksjonistisk boks, men meir som eit fenomen. Ofte er det kunsten i rommet som må vike for verkelegheita utanfor, ved at kunsten framstår som det Zapffe kanskje ville kalla eit biprodukt av mennesket si overtrusting. Noko unaturleg. Men det er ikkje slik no. Det er noko i denne utstillinga som kjennes så riktig. Noko eg ikkje klarar fange i ord. Noko med linjene mellom verkelegheita og kunsten og måtane det ikkje oppstår grenser, men nye opningar gjennom glaset. Ei slags de-rasjonalisering. Irrasjonalisering. Ein ikkje-boks.

### **Rasjonaliseringsprosess nr3. Dualitetar**

Eit trekk ved den menneskelege rasjonaliseringsprosess, er at ein ofte set ting/fenomen opp mot kvarandre. Ved å forenkla noko til motsetnadar, tek ein vekk dei ibuande kompleksitetane, og ser noko frå berre eit definisjonspunkt. Objektet til Gabriel Johann Kvendseth kan kanskje sjåast som irrasjonelle fordi dei går på tvers av dualitetslogikken. Dei nektar å la seg klassifisere, men er i ei konstant endring mellom definisjonar. Mellom konstruksjon, destruksjon, bruksobjekt, fetisering, nostalgi, omdanningsprosessar, mennesket sin naturlege trong til kultur (?), sakral stillheit, jakt, blod, samtida, røyk frå bålet, ordmangel og jord. Du kan heller ikkje fange eit ord med lasso. På same måte som Jimmie Durham, brukar Kvendseth objekt frå kvardagen i sine ritualar. Objekt som ikkje er kjøpt, men som er ein del av eit bruks-reportoar. Og eg undrar meg over korleis alt kunne ha vore om objektet ikkje hadde vore brukt på førehand. Om dei kunne ha vore ordlause og rituelle på same måte, viss dei ikkje hadde hatt spor av tilført kraft gjennom bruk. Ein kan òg kanskje sei at alle kunstobjekt inntek ei form for fetisert, rituell status i det ein plasserar dei i eit gallerirom. Men utan spor etter bruk, er kunstobjektet fjerna frå nostalgien og nærmar seg kanskje ideen om noko nyklekka og urørt?

Dei fleste objektet i utstillinga er våpen. Våpen sortert på platå på ein måte som minnar om historisk museum sine samlingar. (Kanskje er òg museum ein type boksar ein kan tenkje inni.) Kva skjer når ein brukar same form for logikk og kategorisering som i museet, til å sortere kunst? Her kunne eg ha skrevet litt om Mark Dion som går inn i museuma og kategoriserer i andre formar for logikkar for å røske opp i desse måtane å «forstå» verda. Men det skal eg ikkje gå inn på her, for de kan lese om arbeida hans andre plassar, om de vil. Kvendseth sine våpen framstår ikkje som aggressive. Det betyr at dei på eit nivå fungerer på meg slik som våpenet morgenstjerne, men utan at eg kjenner den same kroppslege angsten som eg gjer når eg ser ei morgonstjerne. Og utan dødsangsten som eit våpen kan bera i seg, er eg atter ei gong liten og listar meg i skogen med pil og boge. Eller sit i treet med ein lasso hengjande ned, og ei brødskeiv i midten av taukveilen i håp om at rådyr skal like leverpostei. Det handlar om tid, babe. Tida som ein ikkje treng å gripe fatt i fordi det kjem meir uansett. Arbeida til Kvendseth inneheld òg noko som kanskje somme vil definere som naivt, eller primitivt. På same måte vil andre tenkje på vår kultur som primitiv, tusen år fram i tid. For hverken det rasjonelle eller kultur, er statiske konstantar, men i kronisk endring, og utan rein linjærhet.

I det eine hjørnet står noko som kunne ha vore eit stativ for ein stjernekkert. Men i kikkertfestet er ei kule i glass eller plast, med små bobler i. Kanskje ser ein ikkje meir av å studere noko på avstand. Av å gå utanfor sitt eige rom. Og kanskje skal me tillate oss sjølv å gå lengre inn i våre eigne rom og leite etter noko anna inni krystallkula. Bak dette objektet er eit maleri av eit fjell.

### **Rasjonaliseringsprosess nr4. Grensa mellom kroppen og naturen**

I møtet med dette maleriet malt av Arvid Pettersen, kjenner eg mine hemmelege perverte draumer snike seg fram att. Eg har lenge holdt desse draumane for meg sjølv, fordi eg har fått kjeft når eg har snakka om det. Sjølv om eg ikkje likar å reise, har eg lenge drøymd om å soloklatre (med Silent Partner) nokre av fjella på Baffin Island. Slike ting skal ein visst ikkje snakke om. Men eg likar å vera åleine med fjellet. Og eg likar å sjå på fjell. For fleire år sidan passa eg huset til mor. Det gjekk fint heilt til eg skulle smelte smør til skillingsbollar og samstundes sjå på bilete frå Baffin Island. Det resulterte i brann på kjøkkenet fordi eg gløymde alt anna enn fjellet. Difor let eg Kvendseth stå for ritualet og det potensielle bålet, så kan eg berre vera her i grenselandet mellom mennesket og naturen. Måleriet framfor meg minnar om fjella eg såg på då kjøkkenet til mor brann. Kveldsljos over dei underlege fjellformasjonane på Baffin. Ein mellomting mellom «Polar Sun Spire» og «Mount Asgard», kanskje.

Måleiret har ei slags status som total kultivering av naturen. I kunsthistoria her i landet, er det særleg landskapsmaleriet som har hatt den sakrale plassen som det høgast fetisjerte objekt i gallerirommet. Hjå oss handla det vel i utgangspunktet om nasjonsbyggjinga og identiteten etter at svenskane og danskane slutta å bruke landet vårt som byttevare. Men det fantes to ytterpunkt i møtet med naturen. Medan bøndene og samane levde i kamp med naturen, kom akademikarane utanfrå og besteig fjella våre som om dei var leikeplassar og arenaar for å kunne kreve som sine i form av førstebestigingar. Og kanskje ligg det noko i desse to tilnærmingane, som kan sei noko om møtetpunktet for ideen om mennesket som overlegent naturen?

I samtida blir landskapet ofte brukt som bakgrunn for dei digitale alteregokonstruksjonane på facebook. Fordi landskapet symboliserer noko ein vil identifisere seg med. Eg har møtt menneske som går på fjellet med musikk på øyrene, og som ikkje ser rundt seg før dei kjem på toppen og tek selfie. I følge Dag O Hessen, kan ein lese i boka «Natur, hva skal vi med den», at bilete av naturen kan ha medisinsk effekt om ein ser det frå sjukehussenga. Betyr det at naturen og landskapet har blitt rasjonalisert og domestisert? At det er redusert til nytteverdi, eller kulisser, eller ressurslager? Eg veit ikkje. Dei andre maleria i utstillinga viser ulike utsnitt av natur samt eit maleri av meir abstrakt art. Eit av fjella er kanskje Stetind. Så ser eg i verkslista, og fjella blir noko anna. Det er ikkje Stetind. Ikkje Baffin Island. Landskapa er eigentleg frå Botswana. Bortsett frå myrholet som i følge tittelen er frå skandinavia, og ei kystlinje frå Sunnhordlanand. Det var ei gong nokon som sa til meg at det ikkje går an å eige ein stein. Kanskje kan ein sei det same om fjell. Kanskje skal ein berre la vera å lese tittelen på arbeida, slik at eg kan eige illusjonen om at det handlar om *min* eigen relasjon til fjella *mine*. Ord kan velte fjell.

### **Making sense, heilt sjølv**

Eg forsår ingenting av tittelen på utstillinga. «Sett alle rede». Ein kan tolke det som ein skrivefeil/orddelingsfeil, eller ei ordleik som eg ikkje klarar få tak i meininga bak. Difor vel eg å tolke den som meint til å binde saman innsida av gallerirommet og verda utanfor vindauget. Fordi utanfor, har det vore eit «rede» som ein skriv det på bokmål. Og frå det reiret har det kome to små måkebabyar som skal lære å fly som alle andre. Medan eg sit på muren ved glaset mellom gallerirommet og verda utanfor, vinglar måkekyllingane rundt på plenen og inn og ut av rosebedet. Kvar gong nokon prøver å passere, styrtar dei vaksne måkane mot dei, og er ei fysisk definisjon på at mennesket ikkje ser verda godt nok. Ikkje ser kva me er ein trussel mot. Og kanskje er det difor me treng kunst som ser på relasjonane mellom mennesket og kunsten og naturen og kulturen. Fordi me ikkje evnar å sjå ordentleg, utan å materialisere og skape? Bak sjøen utanfor vindauga ligg fjella på ei lang rekkje og søv. Bak fjella er det noko anna.

Eg ser ikkje bak fjella, bak veggene, bak ord, bak penselstrøk, bak tenkje-boksen, bak dine augelokk. Sjølv om eg ser på deg veldig nært. Og eg velger å slå meg til ro med at det kan få lov til å eksistere ufatteleg mange ting eg aldri kjem til å forstå. Men i samtida rundt meg ser eg mangt som agerer som om me har kome til eit punkt kor me faktisk har ordentleg forståing og innsikt om veldig mykje. At ein er av den oppfatning at ein no har forstått så mykje meir enn i såkalla primitive stadie av menneskehistoria. Eg bestemmer meg for at det er feil. Fordi det handlar om ulike former for «making sense». Altså, ulike former for konstruksjon av logikkar som er tilpassa tida ein lever i og grunnleggjande idear om kva som må vera sant. Konstruksjonar av konklusjonar som ikkje er der i utgangspunktet. I verkelegheita. Og nett no, er verkelegheita det som oppstår i dialogen mellom dei fem ulike laga av utstillingane. Kor måkekyllingane og eg har same rolle mellom kulisene. Me prøver å forstå kvar me er.

Ord flyg ut av munnen og blir borte. Fuglane vil alltid vera der. Eg har ikkje sett alle reir.

Ein dag slår menneskearten seg kanskje til ro med at vårt avgrensa sanseapparat gjev oss eit smalt forståingsfelt for verkelegheita, og at det å konkludere noko i ord, berre handlar om å konstruere logikkar utan kompleksitetar eller motseiingar. Og då treng me ikkje lengre ord, fordi alt ligg i kunsten. Eg skal forklare deg ein ting; vitenskap handlar om ein rasjonaliseringsprosess kor ein fjernar individuelle spor frå språket i eit forsøk på å late som om orda har oppstått utanfor mennesket. Late som om orda har kome frå verda utanfor den menneskelege logikk. Du forstår ikkje verda gjennom språket. Du gjer den forståeleg gjennom språket.

Så går eg ned til stranda og luktar på sjøen.